

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG



Dykkar ref.:
21/8064 - 21/72603

Vår ref. 20172557
Sak/dok.: 21/53485-1
Ark.: 346

Dato:
04.11.2021

Dokumenta har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 239 bnr. 8, 53 og 106 i knr. 4631 Alver kommune

Vi har vurdert meldinga til tinglysing med erklæring om arealoverføring og erklæringa om rett i fast eigedom som de har sendt inn for tinglysing. Erklæringa om arealoverføring har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dokumenta.

Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

Underskrifta til heimelshavaren må vere stadfesta slik tinglysingslova § 17 og tinglysingsforskrifta § 3 krev.

Eit av vitna i erklæringa om arealoverføring synast å vere i nær slekt med personen som får ein rett i dokumentet, altså heimelshavar til mottakareigedomen gnr. 239 bnr. 106. Dersom vitnet er i nær slekt med mottakar, må nokon andre stadfeste underskrifta til heimelshavarane.

Hovudregelen er at to myndige personar må vitne på underskrifta. Vitna må bu i Noreg og ikkje vere i nær slekt med den som får ein rett i dokumentet. Ein advokat, eigedomsmeklar eller annan person som nemnt i § 3 kan stadfeste underskrifter aleine.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottok kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er opne alle kvardagar frå klokka 08.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 69.

Venleg helsing

Malin Eline Nilsen
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.